



Audun Rolland
Rødlandsflaten 63
5286 Haus

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3302 - 22/27641

Saksbehandlar:
Martin Ivar Henden
Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no

Dato:
21.11.2022

48/3 - Søknad om bygging av landbruksveg.

Osterøy kommune viser til mottoken søknad frå deg om bygging av landbruksveg. Det er ein del uavklarte forhold ved søknaden som må gjerast greie for før den blir teken til handsaming.

I vedtak i sak 215/20 avslo Osterøy kommune søknad frå deg om bygging av sne og velteplass for tømmer og bygging av 75 meter ny veg i skogteigen på gnr. 48. bnr.3.

Avslaget var m.a. grunngjeve med at kommunen såg plassering av snuplassen som uheldig med tanke på flaum - og erosjon fare.

Kommunen var av den meining at ei så stor fylling over eit bekkefar medfører flaum fare. Dimensjonering av røyr og planar for inntakskum gikk ikkje fram av søknaden. Kommunen manglar dokumentasjon på om det eksisterande røyret i fyllinga toler trykket frå så store steinmassar. Vidare såg ein slik på tiltaket at fyllinga til snuplassen ikkje varetek dei landskapsomsyn som skal vektleggast i vurderinga i søknader om bygging av landbruksvegar på ein god måte.

Osterøy kommune gav deg i vedtaket råd om å kontakte vegplanleggar slik at dykk saman kunne kome fram til ei løysing for uttak av skogen som står på eigedomen dykkar. Det har du no gjet då Fan Agro AS står som vegplanleggar.


Slik kommunen oppfattar søknaden frå deg er omsøkt snuplass på same fyllinga. Det går ikkje fram av søknaden dimensjonering av røyr og inntakskum slik kommunen etterlyste i søknaden som vart avslagen.

Kommunen stiller spørsmål med føremålet med det omsøkte tiltaket då det i 2021 er hogd 1872 m³ av skogen som ligg i dekningsområde for det omsøkte tiltaket.

I søknader om bygging av landbruksvegar skal kommunen gjere vurderingar om landbruksnyttan av tiltaket. Dersom ein kjem til at tiltaket har over 50% landbruksføremål kan saka handsamast etter forskrift om bygging av landbruksvegar. Dersom landbruksføremålet er under 50% skal saka handsamast etter plan og bygningslova.

For å kunne gjere desse vurderingane ber kommunen om fylgjande opplysningar.

1. Vedlagt råmasserapport syner i alt tilførte massar på ca. 350 m³. Kommunen er usikker på om dette er nye massar som skal tilførast eller om søknaden skal oppfattast som ei godkjenning for arbeidet som er utført.
2. Det må i søknaden gå fram at røyr gjennom fyllinga er dimensjonert for trykket og har stor nok kapasitet for nedslagsfeltet.
3. Utforming av inntakskummen må gjerast greie for.
4. Då det ikkje ligg ved oversiktskart for omsøkt tiltak ber kommunen om stadfesting på at teikna vegstrekning i kartet under er det som søknaden omhandlar når det gjeld oppgradering av vegen.



Med helsing

Hege Eeg
einingsleiar

Martin Ivar Henden
fagkonsulent landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fanagro As

Brugata 6

5200

OS

Mottakar:

Audun Rolland

Rødlandsflaten 63 5286

Haus